



1.

# Store løft på merdkanten

Det gjeld å halde hovudet kaldt når blytunge lodd og nøter skal løftast på plass. For Johannes Landa (25) er draumen å vera skipper på eiga skute.

TEKST OG FOTO: LENA VERMEDAL



2.

3.



Menneske blir små samanlikna med oppdrettsnota som heng i toppen av krana. Fem heile bustadhus er det plass til oppi nota som veg heile 3,5 tonn.

- Det er sterke krefter i sving, seier den unge kranføraren og skipperen på servicekatamaranen «Batur», i det han heiser nota kontrollert ned i den ventande merden.

Det er ein av desse septemberdagane då sola speglar seg i sjøen og ikkje eit vindpust kan kjennast. Me er på Mælen i Kvinnherad kommune i Hordaland - ein av Alsaker Fjordbruk AS sine 22 oppdrettslokalitetar. Lyden av båtmotor, kran og vinsj durar i øyra, men for Johannes er det berre godlyd.

- Det er stas å ha fått ansvar for den nyaste servicebåten i Alsaker-flåten. Båt og sjø er

interessa mi. Eg får vera ute. Slepp å sitja og halvsova i ein kontorstol, seier 25-åringen.

## Store investeringar

Han er ein av 20 tilsette i Fjordbruk Service AS - eit servicebåtselskap og dotterselskap i Alsaker-konsernet. Det betyr arbeidsoppdrag frå Tysnes i Hordaland til Rennesøy i Rogaland. Oppgåvene er varierte. Alt ifrå sleping av merdar, heising og frakt av utstyr, anker- og fortøyningsarbeid, utsetting av nøter, avlusing av fisk til reingjering av merdar.

- Me kjem der det trengst, seier Johannes. I løpet av dei fire siste åra har oppdrettar Gerhard M. Alsaker valt å investera stort i eigne servicebåtar. Godt over 100 millioner kroner er brukt på nye servicekata-

1. «Batur» er ein kraftplugg av ein servicebåt med to 500 hestekreftars motorar, aggregat, to kraner frå Pallfinger på høvesvis 65 tonnmeter og 32 tonnmeter, 30 tonns varpevinsj, to nokkar, kvern med lagertank for ensilasje, desinfeksjonsutstyr og mykje meir.

2. Kraftige kraner med lange armar får nota ut i merden.

3. Johannes Landa er berre 25 år, men har allereie rokke å bli skipper på «Batur» og verneombod for 20 kollegaer. - Det er ein spanande og utfordrande jobb, seier han.



4.

maranar og føringsbåtar. Seinast i juni 2015 blei dei to nyaste båtene døypte. Det var servicekatamaranen «Batur» og føringsbåten «Jolnir», som begge har skrog som er produserte ved verftet Staalcomplex i Polen, medan all innreiing og utrusting har gått føre seg ved Norstec i Sagvåg på Stord. Den siste store investeringa er ein avlusingslektar som også skal driftast av Fjordbruk Service.

- Me har auka aktivitet på sjøen, difor treng me fleire båtar. Alt utstyret er blitt tynge, og det gjer at me treng store båtar med kraftige kranar. Me tenkjer også på mannskapet sitt ve og vel og har difor investert

i gode bufasilitetar på båtene, seier Hans Helge Vik, driftsdirektør i Alsaker Fjordbruk.

#### Skulle bli tømrar, men valde sjøen

Serviceoperatørene jobbar turnus, og det passar Johannes fint.

- Me jobbar og bur om bord i båtene i arbeidsperiodane, og har tid til å reisa og gjera andre kjekke ting på fritida, seier han.

Når 25- åringen ikkje er på jobb, tek han ofte ein tur heim til garden på Fjelberg. Der vaks han opp i ein syskenflokk på fire, med

mjølkekyr på bås og båt som naturleg framkomstmiddel. På øya med berre 13 fastbuande måtte alle ungene dra sjøvegen for å koma til skulen. 16-år gammal fekk han sommarjobb som røktar på eit oppdrettsanlegg, medan han gjekk i lære for å bli tømrar. Men eit liv med hammar og spikar var ikkje utfordring nok.

- Å stå og spikra gipsplater dagen lang blei rett og slett for kjedeleg, seier han.

#### HMS i fokus

I 2009 fekk han tilbod om fast jobb som driftsoperatør på oppdrettsanlegget, og i



5.



6.



7.

2012 mønstra han på servicekatamaranen «Vesuv». Han trur godt sjømannskap og evne til å stå på er det som skal til for å få ein slik jobb. Ein må også vera kald i hovudet, og tenkja tryggleik i alt ein gjer.

- Eg føler eit stort ansvar for dei eg arbeidar saman med, seier Johannes, som også er vald som verneombod i selskapet. Det inneber at han går vernerundar på båtene, deltek ved tilsyn frå offentlege mynde og bidreg til HMS- og kvalitetsarbeidet i konsernet.

Tilbake på Mælen har mannskapet snart festa dei siste løkkene på nota. Johannes skal berre heisa ned loddet som skal halda den store nota på plass. Det er tid for å rein-gjera og desinfisera dekket før ein kan dra vidare til neste lokalitet.

- Skuta skal alltid vera rein og fin, seier skipperen og kastar loss.

«Batur» er klar for nye oppdrag. ■

#### Fakta om «BATUR»

**Levert av:** Norstec verft i Sagvåg på Stord

**Storleik:** 14,98 meter x 9,5 meter

**Vekt:** 100 tonn

**Dekksutstyr:** To kraner frå Pallfinger (65 tonnmeter og 32 tonnmeter), 30 tonns varpevinsj, to nokkar, kvern med lagertank for ensilasje.

**Motorar:** To Iveco, 500 hestekreftar kvar, aggregat på 120 kva og kompressor til LiftUp på fem kubikk.

**Ekstraustyr:** Varmtvassvaskar for ferskvatn, høgtrykkvaskar, desinfeksjonsutstyr og dieselpumpe med tellerleik for levering av diesel til andre båtar/flåtar.

**Lugarar:** To lugarar med eigen dusj og toalett.

4. Frå brua har Johannes full kontroll når han legg inn till oppdrettsanlegget.

5. Eivind Sætre, driftsoperatør på Mælen, får god hjelp av kranen på «Batur» når nota skal festast løkke for løkke på ringen.

6. Kring tre tonn veg kjettingloddet som skal henga under nota for å halda ho på plass. Å aldri gå under hengende last samt bruka rett verneutstyr, er noko verneombodet Johannes passar nøy på.

7. Ein rull med førslangar blir heist ombord. I bakgrunnen ligg Sydnes-såta på Halsnøy.